

Alver kommune
Kvernhusmyrane 20
5914 ISDALSTØ

Vår dato: 23.08.2022
Vår ref.: 202213967-3 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 22/5037 - 22/58153

Sakshandsamar: Margit Sandem
Fjellengen, masf@nve.no

NVE si fråsegn - Søknad om dispensasjon for framføring av veg med parkeringsplassar for ca. 30 hytter på gnr. 357 bnr. 1 mfl. - Sætre - Brotshaugelva - Alver kommune

Vi viser til brev datert 27.07.2022. Saka gjeld søknad om dispensasjon frå kommuneplanens areal del og frå byggjeforbodet langs vassdrag for å byggje tilkomstveg for ca. 30 hytter.

NVE si fråsegn

Plasseringa til vegen ligg i aktsemrdsområde for marin leire, og ein kan ikkje utelukka førekomstar av kvikkleire. Vi rår til at de følger prosedyren i kap. 3.2 i [NVE rettleiar 1/2019 «Sikkerhet mot kvikkleireskred»](#) så langt som naudsynt for å avklare skredfaren.

I Alver sin kommunedelplan (KDP) er det sett byggjegrense på 50 meter frå vassdrag, jf. planførersegn 1.6.1 KDP. I vassressurslova (vrl) § 11 er det krav om at det langs breidda av vassdrag med årssikker vassføring skal oppretthaldast eit avgrensa naturleg vegetasjonsbelte som motverkar avrenning og gir levestad for plantar og dyr. Med unnatak av område der det er naudsynt med tilgang til vassdraget, oppmodar vi om at de legg til rette for eit vegetasjonsbelte i samsvar med intensjonen i vrl § 11.

Føreslått vegtrase vil krysse ein elv med tilhøyrande aktsemrdsområde for flaum. Kryssing av elvar og utfylling i vassdrag/flaumsoner kan medføre auka flaum og erosjonsfare for tilstøytande areal. I elver kan inngrep i vassdraget/flaumsona stuve opp vatn og/eller endre straumtilhøva og dermed auke flaum- og erosjonsfaren på den måten. Reduksjon av vatn og tjørner sine overflate- og flaumareal reduserer desse sin flaumdempande effekt. Dette kan gi større og raskare flaumtoppar nedstraums. NVE vil vere særleg merksam på slike effektar. Planlegginga må legge til grunn at de ikkje skal påføre andre slike ulemper. Vi syner her til den generelle aktsemplikta i vrl § 5 og Byggteknisk forskrift (TEK17) § 7-1, 2. ledd. Avbøtande tiltak for å unngå slike konsekvensar kan i verste fall gi store auka kostnader. NVE rår difor til at de på eit tidleg tidspunkt, dvs før val av trasé, får gjennomført flaumberekningar, kartlegg flaumfare, og synleggjer konsekvensar av inngrep.



I søknad om dispensasjon frå Harris advokatfirma konkluderast det med at fordelane ved å gi dispensasjon er klart større enn ulempene. NVE som vassdragsmyndighet oppmodar til at konsekvensane tiltaket har på årmenne interesser i Brotshaugelva bør utgreiaast betre. Som døme på årmenne interesser kan nemnast fiskens frie gong, årmenner ferdsel, naturvern, biologisk mangfald, vitskapleg interesse, kultur og landskapsomsyn, jordvern, omsyn til flaum og skred osb.

NVE oppmodar til at våre råd vert følgd, men vi kan ikkje sjå behov for ytterlegare vurdering etter vrl.

For rettleiing om korleis tryggleik mot ulike naturfarar og omsyn til vassdrag skal takast omsyn til ved søknad om dispensasjon, viser vi til vår [kartbaserte rettleiing for reguleringsplan](#). Den er også relevant ved dispensasjon, og vil leie dykk gjennom våre fagområde og gi dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til. Forslagsstillar har ansvar for at desse interessene blir vurdert i søknaden.

Forytterlegare informasjon og rettleiing knytt til våre tema, viser vi til våre [internetsider for arealplanlegging](#). Her er informasjonen og rettleiinga delt inn etter plannivå og bygesak.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Margit Sandem Fjellengen
Førstekonsulent

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Alver kommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I VESTLAND